

# ***AIK Fotball***

# **2025**

## **KLUBBHANDBOK**



## Klubbinformasjon

Klubbnavn: Austevoll IK

Postadresse: Kleivhaugane 2, 5392 Storebø

E-postadresse: fotball@aik.no

Internettadresse: aik.no/fotball

## Om Klubbhandboka

### Utarbeida av

Fotballgruppa i Austevoll IK, med bidrag frå styret, sportsleg utval og andre ressurspersonar i klubben.

### Føremål

Klubbhandboka skal fungere som eit verktøy for å kvalitetssikre all aktivitet i AIK Fotball.

Klubbhandboka skal nyttast til å forstå og kommunisere kva som er viktig i vår klubb, kva vi tilbyr, og korleis vi gjer ting.

Klubbhandboka skal vere rettleiande for trenarar og leiarar i deira arbeid for klubben, samt synleggjere kva klubben krev av dei.

### Implementering

Klubbhandboka er eit levande dokument og er tilgjengeleg på heimesida til klubben og på sosiale media som klubben nyttar seg av.

Alle involverte i klubben - trenarar, lagleiarar, foreldre og andre – blir informert om kvar ein finn handboka, om innhaldet og om kva som er føremålet med denne.

Klubben skal gå gjennom handboka med alle trenarane før kvar sesong, slik at dei kjenner innhaldet, og veit kva retningslinjer dei skal jobbe etter; både på og utanfor banen.

## AIK Fotball's visjon, verdier og mål

### Vår visjon – Stolthet og Glede

#### Stolthet:

Alle skal vere stolte av å vere med i fotballgruppa vår, og det skal vere kjekt å vere ein del av vårt fotballmiljø

#### Glede:

Alle skal bidra til å skape gode fotballøyeblikk på trening og kamper

Skape positive minner, som spelarar og andre kan glede seg over resten av livet

### Verdisett

#### Samhald:

Felleskap; alle skal føle at dei er ein del av eit fellesskap i klubben vår.

Alle er med og driver klubben i fellesskap; Spelarar, foreldre, trenarar, lagleiarar

Det er dette som skaper samhald.

#### Trivsel:

Det skal vera kjekt å spele fotball i AIK, målet er at alle skal glede seg til treninger og kamper

#### Tryggleik:

Klubben har retningslinjer ved reise til kamper. Det skal vere trygt å vere på banane våre

Alle skal føle seg trygge på trening og i kamp. Verdiane våre skal vere forankra i alt arbeid som blir gjort i fotballgruppa vår, og alle i AIK Fotball skal kjenne til og jobbe etter desse verdiane.

## Målgrupper

- Barnefotballen 5 – 12 år
- Ungdomsfotballen 13 – 19 år
- Seniorfotball
- Tilrettelagt fotball

## Målsetting

### Overordna mål:

AIK Fotball si overordna målsetting er å legge til rette for at alle som ynskjer å spele fotball i klubben blir gitt eit godt tilbod - uavhengig av alder, ferdigheter og ambisjonar.

### Generelle mål:

Alle i AIK Fotball skal føle tilhøyring og vera stolte av klubben sin.

AIK Fotball skal vera klubbstyrt, der det er klubben sine retningslinjer som gjeld.

### Sportslege mål:

Desse finn du i AIK Fotball sin sportsplan.

## Organisering av AIK Fotball

### Organisasjonsplan

Det er utarbeida egen organisasjonsplan og rollebeskrivelser for nøkkelroller i klubben.

Desse er tilgjengelig på [aik.no/fotball](http://aik.no/fotball)

### Årsmøtet

Årsmøtet i AIK er klubbens høgaste myndighet og blir halde kvart år i mars månad.

For å ha stemmerett og vera kandidat må eit medlem ha fylt 15 år, vore medlem i klubben i minst éin månad og ha betalt kontingent. AIK Fotball har ikkje eige årsmøte. Les meir på <https://aik.no>

### Styret

Styret er klubben sin høgaste myndigheit mellom årsmøte.

### Styrets arbeid;

Det skal avhaldast minimum 4 styremøter pr kalenderår

Styret er vedtaksført når et flertall av styrets medlemmer er til stede. Vedtak fattes med flertall av de avgitte stemmene. Ved stemmelikhet er møtelederens stemme avgjørende. Styremedlemmene plikter å respektere et styrevedtak, selv om det er fattet mot vedkommendes egen stemme.

Styremøter kan avholdes skriftlig (for eksempel per. e-post) eller i fjernmøte (for eksempel per. telefon/videokonferanse) dersom et flertall av styre medlemmene gir sin tilslutning til dette. Det skal alltid føres protokoll fra styremøtene.

### Ansatte

AIK har ansatte i totalt 65% stilling, desse er delt opp i ei administrativ og i sportsleg stilling

### Klubbens lover

Austevoll IK fylgjer Norges idrettsforbund sine lover.

Les meir her: <http://lovdata.no/dokument/NIFL/niflov/2011-05-08-1>

## Medlemskap

Ved innmelding skal medlemmene registreres med navn, fødselsdato, adresse, e-postadresse og telefonnummer. Medlemmene skal melde seg inn i klubbens medlemsystem på «Min idrett» Navn og kontaktinformasjon til foresatte må oppgis dersom medlemmet er under 15 år. Alle medlemmer har en egen personlig idrettsside på Min Idrett. Denne personlige siden må hvert enkelt medlem aktivere før den kan brukes.

Når man vil bli medlem i en klubb, kan man ikke ha uoppgjorte økonomiske forpliktelser til klubben eller andre organisasjonsledd i NIF. Alle som har betalt medlemskontingent i klubben, er medlemmer. Medlemskapet regnes fra den dagen kontingenten er betalt.

En ansatt kan være medlem i klubben, men har ikke stemmerett på årsmøtet og kan heller ikke inneha årsmøtevalgte verv i klubben.

Medlemskapet i klubben kan opphøre ved utmelding, manglende betalt medlemskontingent eller eksklusjon. En utmelding skal skje skriftlig og får virkning når den er mottatt. Et medlem som skylder kontingent for mer enn ett år, kan strykes, og da kan ikke medlemmet tas opp igjen før den skyldige kontingenten er betalt. Hvis medlemmet skylder kontingent etter forfalt to års kontingent, skal medlemskapet bringes til opphør ved strykning fra klubbens side. Dersom klubben vurderer ekskludering av et medlem, må det ta kontakt med idrettskretsen. Beslutning om eksklusjon ilegges av NIFs domsutvalg

## Medlemskontingent

Medlemskontingenten blir vedtatt på klubbens årsmøte.

Medlemskontingenten fastsettes av årsmøtet og betales forskuddsvis.

Les meir på <https://aik.no/medlemskap/>

## Klubbens aktivitetstilbud

### Barne- og ungdomsfotball

Barne- og ungdomsfotballens hovedmål er å gi så mange barn som mulig et godt fotballtilbud og gode fotballopplevelser. Dette oppnår vi ved å gi spillerne trygge sosiale rammer, gode mestringsopplevelser, et differensiert treningstilbud og et jevnbyrdig kamptilbud. Målet er å skape best mulig balanse mellom mestring og utfordringer for å tilrettelegge for utvikling for alle. I barnefotballen skal alle spille tilnærmet like mye i kamp.

Barne- og ungdomsfotballen i klubben følger retningslinjene til NFF.

Link: <https://www.fotball.no/barn-og-ungdom/retningslinjer-for-barne--og-ungdomsfotball/>

### Tilrettelagt fotball

**Medlemmer med funksjonsnedsettelse har en naturlig plass i klubben. Under revidering.**

### Treningsleir

Alle lag kan reise på treningsleir etter avtale med klubben. Det er laget sjølv som må dekke alle utgifter. Alle på laget skal ha tilbod om treningsleir.

## Retningslinjer for cup

Klubben ønsker at alle skal føle at dei er ein del av eit fellesskap.

Alle lag skal få tilbud om å reise på cupar.

Alle spelarar på laget skal få tilbud om å delta på cupar.

Alle spelarar som er med på cup, skal få speletid i kampene.

Det arrangerast ulike cupar for ulike aldersgrupper gjennom heile året, og klubben ønsker å bygge opp ein tradisjon kor fleire lag i AIK deltar på dei same turneringane. Dette for å skape samhold og fellesskap.

Det er trenarteamet som velje ut dei aktuelle cupane for sitt lag, men det er ønskeleg at dei ulike trenarteamama samkøyrer val av cupar.

Det anbefalast at val av overnattingscup for sommar blir i gang satt tidleg, og at ein har som utgangspunkt å ha klart eit val innan 31.oktober.

Klubben har inga føring på når laga kan byrje å reise på overnattingscup, dette er det trenarteamet som avgjere ut i frå dei ulike aldersgruppene.

Klubben anbefaler Voss Cup som overnattingscup fram til året spelarane fyller 11 år.

Klubben anbefaler Lerum Cup (Sogndal) eller Sør Cup som overnattingscup om sommaren frå året spelarane fyller 12 år.

Frå året spelarane fyller 14 år kan laga også bestemme seg for å reise på Norway Cup.

For cupar i utlandet skal trenarteam sende førespurnad til Sportsleg Utval for saksbehandling.

Denne førespurnaden skal sendast Sportsleg Utval seinast 12 mnd før aktuelle cup.

## Retningslinjer for overnatting

Klubben anbefaler samla overnattingsplass for alle lag. Klubben oppfordrer lag til å velge billigste løysning for overnatting, transport og bespising for å sikre at flest mulig barn/unge har anledning til å delta.

Det skal alltid være minst to voksne personer pr. lag som overnatter. Det skal være samme kjønn på ledere som overnatter og spillere. En voksen skal ikke overnatte med enkeltspiller på eget rom som grupperom, hotellrom e.l. med mindre det er foresatte til spillerne, uansett kjønn.

## Reise i regi av klubben

**Det er nulltoleranse for rusmiddel for spelar, trenar og lagleiar.** Hugs at du representerer AIK.

## Kva dekker klubben

### Påmelding;

Klubben dekkjer påmelding til cupar etter følgande retningslinjer;

Lag påmeldt i serie: 3 cupar pr sesong pr lag.

Lag i barnefotballen som ikkje er med i serie: 5 cupar pr sesong pr lag.

### Reise;

Klubben dekkar ferjeutgiftar for spelare, trenare og lagleiar.

Klubben dekkar ferjeutgiftar for opptil 4 bilar for 11år- og 9år lag.

Klubben dekkar ferjeutgiftar for opptil 3 bilar for 7år- og 5år lag.

## Kva må spelar dekke sjølv

- Spelaren dekker eiga deltakarkort og reiseutgifter
- Spelarane skal dekkje deltakarkort/overnatting til maks 2 trenarar/leiarar. Desse har då ansvar for spelarane (oppførsel, mat, søvn). Trenar som ikkje kan bu med spelarne grunna ulikt kjønn, skal og få dekkja deltakarkort/overnatting. Under forutsetning av at trenar då har ansvar for spelarane.

## Klubbdrift og rutinar

### Tilbakemeldinger og sanksjoner fra krets

Sportslig leder er kontaktpunkt for NFF Hordaland når det gjelder tilbakemeldinger og sanksjoner fra krets. Ved mottak av dette, distribueres informasjonen videre til aktuelle trenere, ledere eller spillere/foresatte. Ved hendelser som krever forklaring fra involverte, vil sportslig leder innhente dokumentasjon fra den konkrete hendelsen. Dette rapporteres så videre til rette instanser eller organer. Videre vil klubbens ledelse ved sportslig leder og sportslig utvalg følge opp sanksjoner gjennom kommunikasjon med de involverte.

### Årshjul

Fotballåret har sin egen syklus. Det er tidsfristar å halde seg til, «må-oppgåver» og ein rekke ting som skal på plass for å gjera fotballkvardagen best mogleg for flest mogleg. For å sikre ryddighet og oversikt har klubben utarbeidd sitt eige årshjul.

Her finn du oppgåver som skal gjerast, arrangement som skal gjennomførast og prosjekt som skal setjast i gong. Årshjulet inneheld dato og tidsfristar som er nyttige for planlegging av sesongen.

Årshjulet finn ein på [www.aik.no/fotball](http://www.aik.no/fotball)

### Politiattest

Dette finn du på <https://aik.no/politiattest/>

### Kompetanseplan

#### Styret

Leiarkompetanse er avgjerande for god styring av klubben. NFF sin leiarutdanningsstige sikrar fotballspesifikk leiarkompetanse til handtering av utfordringar i styrevervet. Ein kvalitetsklubb har sett utdanning av styret i system.

Fleirtalet i klubben sitt styre skal ha NFF sitt Leder 1-kurs, og klubbens styremedlemmer skal få relevant kompetanseheving ved behov.

#### Trenar/lagleiar

Trenarkompetanse er eitt av NFF sitt viktigaste satsingsområde. Dyktige trenarar er avgjerande for kvaliteten på aktivitetane. Ein kvalitetsklubb har sett utdanning av trenarar i system.

Les meir om gjeldande krav til trenarkompetanse i Sportslanan som er tilgjengelig på [aik.no/fotball](http://aik.no/fotball)

### Dugnad / Treningsavgift\*

\*Under revidering.

### Kommunikasjon

For at klubbdriften skal bli så god som mulig, er klubben avhengig av god kommunikasjon med alle medlemmene og andre som klubben har en relasjon til. All formell informasjon finnes på klubbens hjemmeside, [aik.no/fotball](http://aik.no/fotball). Klubben nyttar og Spond som kommunikasjonsplattfor ut til trenar/lagleiar.

### Trenarforum

Klubben har som mål å arrangere 1-2 trenarforum i løpet av året.

### Trenar og lagleiarmøte

Klubben har som mål å arrangerer trenar / lagleiarmøte i forkant av kvar sesong, og elles ved behov.

### Foreldremøte

Austevoll IK stiller på foreldremøter før sesongen dersom det er ynskelig, og ellers ved behov.

## Økonomi

NIF si basislovnorm seier fylgjande:

Heile idrettslaget heftar for gruppene/avdelingane sine økonomiske plikter og ansvar, og grupper/avdelingar kan ikkje gjere avtalar eller representera idrettslaget utetter utan godkjenning frå styret. Dette inneberer mellom anna at det berre er laget styre (hovudstyre der laget har grupper/avdelingar med egne styrer) som kan foreta tilsettingar og inngå sponsorkontraktar.

## Budsjett og rekneskap

AIK Fotball har eige budsjett og rekneskap. Budsjett skal leggjast fram til kvart årsmøte, og rekneskap skal leggjast fram kvart halvår. Rekneskapet først av Defacto, og bli revidert av valte revisorar.

### **Rekningsbetaling:**

Dagleg leiar i Austevoll IK disponerer fotballgruppa sine kontoar ilag med ein person frå styret. Om ein har utgifter ein skal ha dekkja i fylgje avtale, må ein nytta <https://www.dfexpense.no/LoginPage> for refundering.

### **Bilgodtgjersla/reiserekningar:**

Trenarar, lagleiarar og styremedlemmer som har avtale om å få dekkja utgifter til køyring i samband med oppgåver utført for klubben, pliktar å sende inn bilag/kvitteringar før godtgjersla blir utbetalt. Sendast inn via <https://www.dfexpense.no/LoginPage>

### **Trenargodtgjersla:**

Trenarar og lagleiarar som deltar med sine respektive lag på cupar, får dekkja sin deltakaravgift av sine respektive lag. (T.d deltakarkort) Reiseutgifter utanom ferje må dekkast sjølv.

### **Ulegg ferje - Autopass:**

Registrer utlegg på <https://www.dfexpense.no/LoginPage>  
Lagleiar/trenar, og andre som kjører til kampar, kan registrere utlegg for ferje og bompengar. Reiseutgifter utanom ferje må dekkast sjølv.

### **Påmelding – Cup:**

Lagleiar melder laget på cup og sender faktura (i pdf-format) for påmeldingsavgift til [faktura@aik.no](mailto:faktura@aik.no)  
Ved utlegg av påmeldingsavgift, registrer utlegg på <https://www.dfexpense.no/LoginPage>

### **Kiosken:**

Alle laga har tilgang til kiosken under sine kampar. Rutiner for kiosk drift er oppslått i kiosk.

### **Lagkasse**

Det er ikkje lov med private bankkontoar til lagkasse i AIK.  
Klubben kan oppretta eige prosjekt-konto for kvar årsklasse om ynskjeleg.  
Pengane skal brukast til relaterte kostnader til laget. Dersom spelarane sluttar, vil pengane dei har vore med på å tena gå til resten av laget. Når laget skal slå seg saman med andre lag, skal summen av pengane som er igjen etter sesongslutt fylgje dei spelarane som fortset opp i det saman-slegne laget. Skulle eit lag bli oppløyst, vil pengane gå til klubben.

## **Økonomisk fordeling mellom klubb, lag og utøvar**

### **Klubb dekker;**

- Lagpåmelding til HFK og lagforsikring til NFF/NIF
- Godtgjersla trenarar, trenarutvikling, spelarutvikling.
- Kostnadar til leige av lokale
- Spelardrakter, keeperutstyr, klubbstyr, ballar, nett, teknisk utstyr og medisinkoffert

- Reisekostnader
- Enkelte sosiale tiltak
- Spelarutviklingstiltak, trenarutvikling og kurs
- Utstyr til alle lag og trenar/leiar
- Nedbetaling av lån på bygg, kunstgrasbanar og hallar
- Kostnader til drift/vedlikehald av anlegg:
  - banar, garderober, publikumsfasilitetar, spelarfasilitetar, lagfasilitetar
- Dommarkostnader serie og cup
- Rekneskap/revisjon

### **Lagleiar/trenar skal;**

- Sjå til at utøvarane overheld sine økonomiske plikter til klubben
- Sørgje for at ballar og resten av klubbens eigedeler blir teke godt vare på

### **Utøvarar forplikar seg til å;**

- Betala medlemskontingent til hovudlaget (Fotballgruppa dekker for a-lag)
- Betala evt aktivitetsavgift til fotballgruppa

## Fotballforsikring

Barn som er medlem av klubben og som deltar i organisert aktivitet i klubbens regi, er forsikret.

Trenar og lagleiar har ansvaret for at alle spillerne er registrert med gyldig medlemskap i klubben.

Les meir på <https://www.fotball.no/klubb-og-leder/forsikring/>

### **Lagsforsikring 13-19 år**

Spillere må være registrert som aktive med lagsforsikring i Fotballens Informasjons og kommunikasjonssystem (FIKS) inneværende sesong.

### **Lagsforsikring senior**

Forsikringspremien for det aktuelle laget må være betalt av klubben innen fastsatt frist og spillerne må være registrert som aktive med lagsforsikring i Fotballens Informasjons og kommunikasjonssystem (FIKS) inneværende sesong.

## **SPELARE UTEN GYLDIG FORSIKRING ER IKKJE FORSIKRA ELLER SPELARBERETTIGA**

### **Trener, leder og dommer**

Alle klubbens aktive registrerte (i FIKS) trenere, ledere og dommere er dekket av grunnforsikringen.

## Retningslinjer for utstyr

Klubbens utstyrsleverandør er NIKE / Torshov Sport

Alle AIK lag, og samarbeidslag som blir styrt av AIK, skal nytta utstyr frå Nike.

### **Prosedyre for bruk av draktsett:**

Draktsetta er Austevoll IK Fotball sine, og er på utlån til spelarane.

Alle spelarar får eige drakt, shorts og sokkar + treningssett (bukse og genser)

Det er ikkje lov å trykke namn på drakter, shorts eller treningssett.

I dei tilfella dette blir gjort må spelar sjølv betala klubben for draktsettet.

Draktsett skal leverast ut før sesongstart. Desse draktene fylgjer laget til dei blir for små. Ser ein ved sesongslutt at draktene må skiftast til neste sesong, må alle samlast inn etter siste kamp om hausten.



Når ein sluttar i klubben, må ein levera inn drakt og shorts nyvaska.

Dei som ikkje leverer inn, vil bli fakturert ein eigenandel kr 300,-

Drakter som skal skiftast ut vil gå til yngre lag eller velgjerande formål, og vil såleis spreie glede og vera til nytte for andre.

### **Utstyr til laget:**

- Trenarteam har ansvar for alt utstyr
- Fotballane fylgjer laget frå år til år, og bytast berre ut når dei er utsliten, ved endring av -storleik eller andre årsaker bestemt av klubben. Mista ballar skal erstattast av laget.
- Fotballar som laget får utdelt, treng ikkje vera nye. Brukte ballar blir vurdert som akseptabelt.
- Alltid telja over ballar ein tek i bruk før trening /kamp.  
Ein skal alltid ha like mange ballar før og etter trening. Elles so er ikkje treninga over.
- Øvrig utstyr som blir brukt i trening og kamp skal leggest i kjellar på klubbhuset, då dette er fellesutstyr

### **Utstyr til trenar/lagleiar:**

Trenar for lag påmeldt i serie får etter behov jakke, gensar, bukse og t-skjorte frå klubbens utstyrsleverandør. Alle som er lagleiar og dei som er trenar for lag som ikkje er påmeldt i serie, får etter behov jakke og gensar frå klubbens utstyrsleverandør.

Dette er lagets representasjonstøy og skal såleis brukast under kamp.

## Sesongplanlegging

I oktober starter arbeidet med å planlegge neste sesongs lag. Dette gjer av sportslig leder i samarbeid med klubbens trenere. Det blir da bestemt hvem som er trenere for de ulike lagene neste sesong.

## Påmelding i serie

Administrativ leder melder på lag i serie. Sportslig leder i samarbeid med trenere melder på hvilket nivå de skal spille på i serie ut ifra ferdighetsnivå på det aktuelle laget. Dette gjer i ukene før påmeldingsfrist.

## Utstyr til styremedlemmar og ansatte

Alle styremedlemmer og ansatte, som representerer klubben på arrangement, kamper og lignande kan ta ut utstyr frå klubben sin utstyrsleverandør for opp til kr 2500,- pr år. Summen kan ikkje overførast til nytt år.

## Sponsing av enkeltlag

AIK forhandlar fram samarbeidsavtalar for alle lag. Ingen lag kan forhandla fram samarbeidsavtalar utan godkjenning frå klubbens styre.